

REFERAT FRÅ MØTE 02-22 I KVÅS KYRKJELYDSUTVAL

8. juni 2022 hos Gro

Tilstades: Gro Alvheim, Rune Hauan, Gunn T. Hestad, Torbjørn Ougland og Marit Vegge

Sak 5/22: Referat og meldingar

Innkallinga og referatet frå førre møte blei godkjende.

- Det har vore bispevisitas i Lyngdal kyrkjelyd 5./6. mai. Biskopen besøkte mellom anna Kvås barneskule, og han hadde eit eige møte med kyrkjelydsutvala i Kvås og Austad.

Sak 6/22: Gudsteneste i samband med Gumpeløpet

Gumpeløpet går av stabelen 21. august, og idrettslaget ønskjer å ta opp tradisjonen med friluftsgudsteneste på Bulitangen etter løpet.

Torbjørn tek kontakt med Jorunn/Rune Birkeland for å avklare at det er greitt å halde gudsteneste der/ev. i garasjen på Buli.

Idrettslaget pleier å stille med lydanlegg.

Sak 7/22: Diakoniutvalet – nytt medlem

Me har enda ikkje lukkast å få tak i eit nytt medlem til diakoniutvalet i Lyngdal kyrkjelyd. Me har nå nye forslag, Kjell Arne Johannessen og Rolf Gunnar Gitlestad. Gunn spør.

Sak 8/22: Purring på ombygging av kyrkjerommet

jfr. Kyrkjevergen si utsegn i møte med biskopen

Kyrkjelydsutvalet ønskjer fortgang i ombygginga av kyrkjerommet i Kvås kyrkje. Vi ber om at saka blir prioritert i lista til Fellesrådet.

Sak 9/22: Reaksjonar i samband med samtale med biskopen.

Rune orienterte om erfaringar som sambuande homofil, i møte med Lyngdal kyrkjelyd. Han opplever at nokre medlemmer i kyrkjelyden og einskilte tilsette er lite inkluderande. Det kom òg fram at det er andre som kjenner seg lite velkomne i Lyngdal kyrkje. Det har vore eit ekstraordinært møte i kyrkjelydsrådet i Lyngdal der dette blei lufta, men utvalet i Kvås vil oppmode til å vere ei inkluderande kyrkje, og samstundes vurdere ordlyden i sin eigen visjon. Vi legg ved eit døme på alternativ formulering:

Vi vil være en åpen, trygg og raus kirke for alle mennesker. Alle betyr ALLE for oss.

Vi vil at kirken vår skal være inkluderende uavhengig av kjønn, alder, seksuell legning, nasjonalitet, kulturell og sosial bakgrunn.

I kirka vår er det rom for undring, tvil og tro. Vi har ikke alle svarene, men vi har rom for alle spørsmål. Sammen kan vi utvikle vår tro og ruste oss til å ta vare på

skaperverket og å møte hverandre med Guds ubetingede og radikale kjærlighet og nåde til alle.

Sak 10/22: Eventuelt

- **Nattverd i gudstenesten.**

Utvalet ønsker at nokre av gudstenestene i Kvås skal vere utan nattverd, særleg familiegudstenester og gudstenester med dåp. Vi opplever at nattverden kan verke ekskluderande for dei som er litt framande for kyrkja og gudstenesta. I tillegg kan gudstenesta bli lang om det til dømes er dåp i tillegg.

- **Annonsering av gudstenester**

Gudstenester blir nå annonserte via papiravis (Lister), kyrkja si nettside, SMS til fleire av kyrkjegjengarane, og kunngjeringar, men det har kome fram at ikkje alle får det med seg likevel.

Vi vil derfor oppmode kyrkjekontoret til å annonsere tydelegare når det er gudsteneste i Kvås, gjerne på facebook/ instagram.

Kvås, 20/6 - 2022

Marit Vegge